


MÅNADSRAPPORT OM GLOBAL MATTILGANG

nr. 1, juni 2023


Dette er ei første prøve. Tanken, viss eg får til til å gjennomføre han, er å lage ein liten publikasjon ein gong i månaden for å presentere internasjonalt materiale, først og fremst frå FAO, men også frå andre kjelder, om mattilgangen i verda. Eg vonar fleire blir med og skriv. Om me får det til, kan det bli ei månadsavis for Internasjonalt utval og andre interesserte, truleg også lagt ut via NBS sine heimesider.

I dette prøvenummeret skriv eg litt om den globale landbruks- og matsituasjonen med FAOs siste statistiske årbok (2022) som hovudkjelde og med illustrasjonar derifrå, litt om følgjene av Ukraina-krigen og litt om globale vekstforhold denne forsommaren.

DEN GLOBALE SITUASJONEN



Bønder og landarbeidarar er verdas største yrkesgruppe, men i nedgang. I 2000 utgjorde dei 40 % av dei sysselsette og vel ein milliard menneske, i 2021 hadde talet gått ned til 866 millionar og prosenten til 27. Registreringar er noko ulike. I mange land, også Norge, blir kvinners arbeidsinnsats ofte usynleg, slik at det reelle talet på bønder truleg er større enn tala viser.




Brukt areal både av beiteland og dyrka jord har gått nedover dei siste tiåra, med jordtap ved erosjon og nedbygging for vegar, bustader og industri som dei viktige faktorane. Havstigning rammar også mykje matjord.

AGRICULTURAL AND FOREST LAND DECLINE




Nedgangen i landbruksland etter tusenårsskiftet utgjør like mykje som storleiken på Peru eller 12 gonger norsk dyrka jord. Skogtapet er nesten like stort, omtrent som Egypt.

INORGANIC FERTILIZER USE PER CROPLAND AREA BY NUTRIENT AND REGION




I staden for skånsam bruk av mykje areal vel dei fleste land meir og meir ein meir intensiv bruk av mindre areal. Meir kunstgjødsel, meir sprøytemiddel og monokulturar med høgeffektive planter er hovudmetodane.

Bruk av energikrevjande kunstgjødsel aukar i dei fleste land. Verdas forbruk no er rundt 200 millionar tonn, 25 kilo for kvar av verdas innbyggjarar. Figuren viser forbruket i kilo per hektar. Norsk landbruk har hatt god tilgang på kunstgjødsel og ligg langt høgare enn snittet. Ein tilsvarande vekst er i bruk av sprøytemiddel.




Kjøttproduksjon viser den endringa me er inne i. Veksten er for kraftfôrbasert produksjon, aller mest kylling, som no utgjør over tredelen av verdas kjøttforbruk, og gris (og oppdrettsfisk).

RISE OF HUNGER




Blant FN's berekraftsmål, vedtekne i 2015, var å utrydde svolt og fattigdom innan 2030. Dei siste åra har det gått i motsett lei, med korona, konflikhtar mellom land og no Ukraina-krigen. Berre frå 2019 til 2021 har talet på underernærte auka med 770 millionar.

PREVALENCE OF UNDERNOURISHMENT BY REGION



Figuren over viser at etter ein nedgangsperiode i dei fleste verdsdelar er talet på underernærte no i rask vekst, og i alle verdsdelar. FAO registrerer ikkje tal som er lågare enn 2,5 % og difor ikkje Nord-Amerika og Europa. Mange signal tyder på at tala veks også her.




Blant dei mest alvorlege følgjene av underernæring er veksthemming hos barn. Meir kunnskapar om ernæring og nedgang i svolten har i ein periode redusert veksthemminga. Truleg går det no andre vegen att.

På mange vis er situasjonen nokså lik i Russland, som bidreg vesentleg meir til verdas matforsyning enn Ukraina. Også der blir folk tekne ut av landbruk for å delta i krigshandlingar, mange har mista livet eller vorte skadde, og transport av mat over ukrainsk land til Svartehavet har vorte stogga. Tog går i staden til Baltikum og Østersjøen, men til dei veldige mengdene hjelper det lite. Oversikt over følgjene av sprenginga av Kakhovda-demningen på Dnipro har eg enno ikkje sett, men det synest tvillaust at store produksjonsareal er øydelagde og for lang tid framover. Det gjeld også drikkevatt for folk og dyr.

UKRAINA-KRIGEN

CEREAL IMPORT DEPENDENCY RATIO, TOP COUNTRIES (2017-2019)



Figuren over viser land som er ekstremt avhengige av kornimport utanfrå. Dei 9 øvste landa importerer alt kornet dei bruker.


Ukraina har i vanlege år eit stort matoverskot, særleg av kveite, mais og solsikkeolje, men også rapsfrø og bygg, sjå neste figur, som viser 2019-tal for korneksport.

Mykje av mais og kveite har vorte kjøpt inn av Verdas matfond og nytta i hjelpearbeid. Mange forhold gjer at dette sviktar no, landbruksarbeidarar blir skrivne ut som soldatar, mange har døydd eller vorte invalide, gardane manglar menneske til våronn og forvaltning, dei manglar maskinar, reservedelar og drivstoff, og åkrar blir minelagde.

Global food production: how much comes from Ukraine & Russia?, 2019

This is shown for the largest crops grown by Ukraine and Russia.

Ukraine Russia



Source: Calculated by Our World in Data based on the Food and Agriculture Organization of the United Nations OurWorldinData.org/agricultural-production • CC BY


AVLINGSNIVÅ

Den siste kvartalsrapporten frå FAO om avlingsnivå kom i mars. Ein ny rapport vil kome innan utgangen av juni og gi informasjon om korleis avlingsnivået ser ut til å bli på den nordlege halvkula. Tørken over store delar av Europa, og no også i Norden, gir nokså dystre utsikter. Det same gjeld krigen i Ukraina (sjå eigen artikkel).

I mars-rapporten anslo FAO at 45 land har behov for mathjelp, av dei 33 afrikanske land med nedbørmangel, borgarkrigar og mange menneske på flukt. Samla kornavlingar viste ein nedgang frå 2021 til 2022 på 1,3 %, og tilsvarande for kveite.

Tørke både i Nord- og Sør-Afrika, og like eins syklonar, rammar avlingar no. Aller mest gjeld det Aust-Afrika, som har hatt fem dårlege avlingsår etter ein annan og risikerer å få den sjette. Også i matutsette nære Austen og Stillehavs-landa er ramma, medan avlingsnivået ser ut til å bli brukande lenger aust i Asia. Mais-avlingar i Brasil ser bra ut, men tørke i Argentina og Mellom-Amerika aukar matutryggleiken i desse områda. Haiti er nok ein gong hardt ramma av naturkatastrofar, og i februar/mars leve nesten 5 millionar innbyggjarar der under sveltegrensa.

si-
leg



Attåt ei rekkje afrikanske land med dramatisk svolt aukar svolten snøgt i fleire asiatiske land, såleis Nord-Korea, Libanon og Sri Lanka. I Afghanistan, Bangladesh og Myanmar finst hardt ramma område. Den siste matvareindeksen, frå mai, syner nedgang i prisane generelt frå det ekstremt høge nivået eit år dan. Nedgangen gjeld mest frukt og grønnsaker, men også kornvarer og mjølkeprodukt. For kjøt og sukker har det vore nedgang, men dei siste månadene har prisindeksane stige att. Eit generelt trekk er at skilnadene mellom rike og fattige land stig. I land som er hardt ramma av svolt, som Sudan og Somalia, er nedgangen i kornprisar mindre enn i land med rike-tilgang på korn. Både i Nord-Amerika og Europa har avlingsveksten for korn stagnert dei siste åra og gått attende frå 2021 til 2022.